

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
045/2017	Formannskapet i Radøy	PS	01.06.2017
029/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Mette Fauskanger	17/1089	17/6945

Kommuneldeplan helse og omsorg - 2018-2028 - framlegg til planprogram

Saksopplysingar: Bakgrunn

Kommunal planstrategi 2016-2019, vedteken i kommunestyret 27.10.2016, seier at det skal utarbeidast kommunedelplan for helse og omsorg.

For alle kommuneplanar er det krav om utarbeiding av planprogram, jf plan- og bygningslova § 4-1. Planprogrammet skal gjera greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad særskilt for grupper som vert omfatta og kva som skal utgreiast i planarbeidet. Planprogrammet skal minimum ligga til høyring i 6 veker. Etter handsaming av høyringssvar og revidering av planprogram skal det handsamast av Radøy kommunestyre.

Planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag for kommunedelplan helse og omsorg.

Vurdering

Planprogrammet peikar på følgjande utfordringar som sentrale:

- Kva er framtidige behov og utfordringar i helse- og omsorgstenestene, sett opp mot den demografiske utviklinga i Radøy kommune?
- Korleis kan vi sikra god kvalitet, tilstrekkeleg kapasitet og fokus på eigenmeistring framover i helse- og omsorgstenestene i Radøy?
- Korleis kan vi sikra reell brukarmedverknad både på system-og individnivå?
- Korleis kan vi som organisasjon lukkast med nytenking og innovasjon?
- Korleis kan vi få best mogleg tenester ut av ressursane?
- Korleis kan vi sikra rekruttering av tilsette med rett kompetanse?
- Kva rolle ynskjer vi at frivillige organisasjonar, pårørande og private aktørar skal ha i framtidens helse- og omsorgstenester?
- Korleis kan vi utvikla gode rammer og føresetnader for frivillig innsats?
- Korleis skal vi sikra meir og betre samhandling internt og eksternt?
- Fastlegga mål og prioriteringar for utvikling av tenester i Radøy
- Utarbeida omsorgstrapp for omsorgstenestene i Radøy kommune etter LEON-prinsippet.

Organiseringa av planarbeidet knyttast tett opp mot eksisterande politisk og administrativ organisering.

Medverknad skal takast hand om på ulike måtar – både når det gjeld tenestemottakarar,

lag/foreiningar, frivillige organisasjonar, einskildpersonar og andre samfunnsaktørar. Det blir føreslege ein konsentrert prosess med sikte på at kommunedelplanen føreligg når kommunestyret skal handsama økonomiplan og budsjett i 2018.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

”I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-3 vert framlegg til planprogram for kommunedelplan helse og omsorg lagt til høyring og offentleg ettersyn 1. juni 2017. Høyringsfrist vert sett til 17 juli 2017».

Formannskapet i Radøy - 045/2017

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-3 vert framlegg til planprogram for kommunedelplan helse og omsorg lagt til høyring og offentleg ettersyn 1. juni 2017. Høyringsfrist vert sett til 17 juli 2017.

Kommunestyret i Radøy - 029/2017

KS - handsaming:

Kirsti Gjetle Floen (A) gav uttrykk for at det er lagt opp til for kort høyringsfrist.

Gjetle Floen sette fram følgjande endringsframlegg:

Høyringsfristen for planprogram for kommunedelplan helse og omsorg vert utvida med 4 veker til 17. august.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilråding, med tilleggsframlegg frå Kirsti Gjetle Floen (A) sett fram i møtet.

KS - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-3 vert framlegg til planprogram for kommunedelplan helse og omsorg lagt til høyring og offentleg ettersyn 1. juni 2017. Høyringsfrist vert sett til 17. august 2017».

Vedlegg:

Planprogram HO (4)